



SULA KOMMUNE

# Retningslinjer for mobiltelefon

-tildeling av mobil tenestetelefon

**KD 21.06.22**

Side 1 av 6

# 1. Innleiing

## 1.1 Formål og hensikt

Policyen gjeld for tilsette i Sula kommune. Kommunen dekkjer deler av arbeidstakar sin kostnad på mobilabonnement og tilhøyrande utstyr. Dette omfattar både bruk av mobil som den tilsette tek med seg heim frå arbeid etter arbeidsdagen, og for tilsette som legg igjen mobilen på arbeid når arbeidsdagen er over.

Regelverket beskriv kva kostnader som blir dekt av kommunen, og kva kostnader som blir dekt av den tilsette.

Bruk av mobil som arbeidsverktøy er viktig for å effektivisere og skape meir fleksible arbeidsprosessar.

- Arbeid kan bli gjennomført utanfor fast arbeidsstad, på reise, heimekontor etc.
- Opne for at tilsette som tildelast mobil tenestetelefon, kan ha eitt abonnement på arbeid og privat.
- Auke tilsette si tilgjengelegheit i jobbsamheng.

## 1.2 Tildeling av mobil tenestetelefon

- Det er kommunedirektøren som har mynde til å tildele mobiltelefon. Kommunedirektør kan delegere mynde.
- Ved tildeling av mobil tenestetelefon, skal det takast utgangspunkt i formåla over. I tillegg skal følgande vektleggast:
- Den tilsette skal ha behov for ein personleg telefon i jobbsamheng i normal arbeidstid.
- Den tilsette skal ha behov for jobbrelatert kommunikasjon utanfor fast arbeidsstad eller utanom normal arbeidstid.

## 1.3 Mobil som kun blir brukt i arbeidstid

Den tilsette og arbeidsgivar skal inngå avtale om at telefonen skal leggast igjen på arbeidsplassen etter arbeidsdagen. Ved slike tilfelle, skal mobilen ikkje brukast til private formål.

Kontortelefonen kan takast med til bruk på heimekontor og på tenestereise.

## 1.4 Mobil som blir brukt både i arbeidstid og på fritid

Tilgang til, og bruk av arbeidsgivarbetalt mobilabonnement på fritida, er eit gode som blir rapportert til skatteetaten som ei skattefri gåve opp til kr 5000 pr. år (nye skattereglar jan. 2022).

## 2. Bruk av mobilabonnement

Arbeidsgivar har eit regelverk som regulerer kostnad som blir dekt ved bestilling av mobiltelefon og tilleggssutstyr, samt kor ofte slik bestilling kan skje.

### Kostnader som blir dekt av Sula kommune

- Samtalar til Norge til norske nummer med åtte siffer for fastnett og mobil
- Tenestesamtalar til/frå EU/EØS og øvrige land/stater (Via utgiftsdekning/reiserekning)
- SMS i Norge til mobilnumemr med åtte siffer.
- Mobilt breiband i Norge på inntil fire SIM-kort på same abonnement. Antall SIM-kort kommunen dekker er avhengig av naudsynt utstyr i tenesta.
- Bruk av data inntil 10GB pr måned. De er mogeleg å kjøpe seg opp til større datapakke. Dersom den ansatte grunnet privat bruk eller har tjenestemessige behov, kan vedkommende oppgradere datapakken i mPort. Rutinebeskrivelse og bestilling foretas i portalen: <https://mport.telenor.no/>
- Bruk av mobiltelefonar i utlandet innan EU/EØS.
- Spesialnummer (femsifrede og nummerserier som starter på 800, 810 og 815)
- Opplysningsteneste gjennom applikasjonen til Telenor Mobilt Bedriftsnett.
- Alle telefonar skal ha deksel og «Panzerglass». Dette vert betalt av arbeidsgivar og er uavhengig av fribeløpet. Utan desse forholdsreglane må den tilsette dekke eventuelle reparasjonskostnader..

### Kostnader som ikkje blir dekt av kommunen og som vert trekt i lønn:

- Mobile innhaldstenester\* og betaling via mobilen for varer/tenester.
- Opplysningstenester (1880,1881,1888 etc) Slike tenester er gratis ved bruk av Mobilt Bedriftsnett-app.
- Teletorgtenester som starter på 820, 829
- Meirkostnad for større datapakke enn kva som vert dekt av arbeidsgivar.
- Databruk utover pakke.
- Bruk i utland utanfor EU/EØS
- Privatsamtalar til EU/EØS og til/frå øvrige land/stater \*\*
- Mobile betalingstenester som donasjonar, parkering, ulike abonnementstenester, avstemmingar og liknande.

\*)Innhalds- og mobiltenester er ei samling av tenester som er bestilt via tale, SMS, MMS, Internett og betalt via mobilabonnementet sin faktura. Døme på dette er avstemmingar på radio/TV, parkering, donasjonar, ringetonar, appar til smarttelefon/nettbrett. \*\*)Pr juni-22 er samtalar frå EU kostnadsfrie.

### Privat bruk av mobiltelefon vert trekt i lønsutbetalinga

Alle tilsette med Fakturakontroll\*) får oversikt over sine telefonutgifter kvar måned tilsendt på e-post. Denne e-posten vil innehalde både informasjon om totalforbruk, og informasjon om forbruk som i henhold til regelverket skal trekkast frå lønn.

### Privat bruk av mobiltelefon vert trekt i lønsutbetalinga

Trekk i lønn vil skje ved lønnskjøring én måned etter at arbeidsgivar har mottatt faktura frå Telenor. (Eksempel: Faktura på forbruk i januar vil komme i februar. Trekk i lønn vil skje i mars.)

\*) Fakturakontroll er kostnadsfri for Sula kommune, og kjem til erstatning for Bedrift Splitt

### Refusjon av kostnader

Dersom den tilsette fakturerast for kostnader som er jobbrelaterte, kan den tilsette få dette refundert gjennom reiserekning/refusjon på linje med andre utlegg den tilsette har i arbeidsforholdet.

## 3. Mobiltelefon og tilleggsutstyr

Arbeidsgivar har eit regelverk som regulerer kostnad som blir dekt ved bestilling av mobiltelefon og tilleggsutstyr, samt kor ofte slik bestilling kan skje.

### 3.1 Regelverk

#### Ordning for dekning av mobil og utstyr

Bestilling gjerast via <https://mport.telenor.no/>

Arbeidsgivar dekker inntil kr 8000,- inkl. mva. ved bestilling av ny mobil.

Forventa levetid på ein mobil er minimum 36 mnd, og ny terminal kan tidligst bestilles etter 12 mnd

Miljøbonus: For å stimulere til at mobiler som fungerer fint brukes ut over forventet levetid tilbyr arbeidsgiver miljøbonus på kr 100,- eks MVA pr md ut over forventet levetid (begrenset til 24 md).

Arbeidsgivar dekker kostnad for følgjande tilbehør til mobil: Telefon- og skjermbeskyttelse

Full dekning forutsett at noverande mobil har passert forventa levetid som opplyst. Dersom ny mobil blir ynskja bestilt før minimum levealder er nådd, vil eigenandelen bli rekna ut i forhold til mobilen sin alder.

### 3.2 Bestilling

Tilsette finn tilgjengeleg utstyr på <https://mport.telenor.no/>. Her ser også tilsette kva mobil dei har registrert i dag, alder på denne, samt kva arbeidsgivar dekker ved bestilling av ny mobil. Når tilsette går til nettbutikken for å velje mobil vil han/ho sjå kva pris som må dekkast av den tilsette. Mobilar som er prisa til kr 0,- i bestillingsløysinga, blir i si heilheit dekt av arbeidsgivar.

### 3.3 Bruksrett

Tilsette kan sjølv velje å bestille mobil som kostar meir enn det arbeidsgivar dekker. Tilsette betaler da meirkostnaden sjølv, og får bruksrett til denne dyrare mobilen. Arbeidsgivar er eigar av mobilen.

### 3.4 Utkjøp av brukt mobil

Ved avslutning av arbeidsforhold, kan den tilsette velje å levere tilbake mobilen til arbeidsgivar, eller velje å kjøpe ut kommunen sin andel av den brukte mobilen.

Utkjøpspris regulerast etter følgande prinsipp:

<b>Alder på mobil</b>	<b>Kostnad</b>
Mindre enn 12 md.	80% av kommunen sin andel
Frå og med 12 til 24 md.	50% av kommunen sin andel
Frå og med 24 til 36 md.	20% av kommunen sin andel
Over 36 md.	Kr 500,- inkl. mva

Ved utkjøp av ein brukt mobil, pliktar den tilsette å fylgje retningslinje for sletting av informasjon som omtala i punkt 4.3.

## **4. Bruk og datasikkerheit**

### **4.1 Oppbevaring og bruk av mobil**

Mobil må handterast forsvarleg og ikkje leggest igjen synleg i bil eller anna allmenn plass. Arbeidsgivar anbefalar at det blir gitt opning for å lokalisere mobilen. Ta gjerne eit søk på internett om du ynskjer rettleiing på korleis du aktiverer dette på din mobil.

### **4.2 Sikkerheit**

Mobilen skal sikrast med PIN-kode eller tilsvarande som slår inn automatisk etter noko tid utan bruk av mobilen (seinast 1 minutt utan bruk).

Den tilsette skal ikkje installere applikasjonar som kjem frå andre kjelder enn dei offisielle app-butikkane knytt til mobiloperativsystemet, med mindre dette er eksplisitt avklart og godkjent av arbeidsgivar.

Kommunale mobiltelefonar vil normalt være knytt til kommunen sitt informasjonssystem, og sikkerheitsinnstillingar blir då sett på mobilen. Dette medfører krav til korleis ein loggar seg inn på mobilen (PIN / biometri), skjermlås og tilgjenge for fjernsletting.

### **4.3 Sletting**

En mobiltelefon kan innehalde sensitiv informasjon. Om en mobiltelefon er tapt skal den fjernslettes for eksempel ved bruk av FindMyIphone o.l. Når en mobiltelefon meldes fjernslettet, vil data på mobiltelefonen slettes neste gang mobiltelefonen tar kontakt med internett.

Når ein brukt mobiltelefon, bytter eigar/kjøpast av tilsette skal det køyrast ein tilbakestilling på mobiltelefonen.

Konferer med IT om du er usikker på korleis noko av disse rutinane utførast

### **4.4 Tap eller skade**

Er mobilen stolen, skal tjuveriet rapporterast til politiet og eventuelt til forsikringsselskapet. SIM-kort må sperrast snarast. Ring Telenor kundeservice på 09000 (+47 915 09 000 frå utlandet) og rapporter SIM/mobil mistet/stole.

Arbeidstakar må kunne dokumentere at punkta over er gjennomført.

Ved skade eller feil på mobil, skal denne meldast for innsending til verkstad via eige meldeskjema i <https://mport.telenor.no/>. Arbeidsgivar dekker kostnad til éin reparasjon pr. forventa levetid. Reparasjon vil kun bli utført dersom dette er lønsamt i forhold til arbeidsgivar sin kostnad for å skaffe ny mobil.

Det vil bli utvist skjønn av dekningsgrad i kvart enkelt tilfelle.

## **5. Diverse vedrørende fri telefon**

### **5.1 Permisjon**

Telefonen kan som hovudregel nyttast under lønna permisjonar, med mindre anna er avtalt mellom leiar og medarbeidar.

### **5.2 Kostnad ved brot av abonnement**

Ei eventuell utgift ved brot av abonnement må dekkast av tidlegare eigar av abonnementet.

### **5.3 Mobiltelefon i bil**

Sula kommune dekker berre handsfri installasjon i tenestebil.

## **6. Avslutning av arbeidsforhold**

Ved avslutning av arbeidsforhold vil abonnementet flyttast over til brukaren som privat eigar. Dersom den tilsette ynskjer å overta mobilen, vil dette handterast som omtala i punkt 3.4.